

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 21.01.2015:

Framlegg frå SV v. Johan Vaa:

Eigedomen 136/1 Nystog har korkje bustadhus eller driftsbygning. Arealressursane er små. At eigedomen på nytt skal bli ei sjølvstendig driftseining med tradisjonelt landbruk er svært lite sannsynleg. Meir truleg er det at eigedomen før eller seinare blir tilleggsjord. Ressursomsynet er såleis lite å leggje vekt på ved ei dispensasjonsvurdering

Etter overordna planar skal det ikkje leggjast til rettes for fritidshus i området. På den andre sida finst det alt fleire slike, fleire enn det søkjar nemner.

Ei frådelling vil få eigartilhøva i samsvar med det som har vore den faktiske situasjonen i 40 år. På den bakgrunn vil plan- og miljøutvalet, i medhald av jordlova § 12, under noko tvil godkjenne frådellinga.

Ein tolkar bygningsrådsvedtaket 188/73 som at ein godkjenner opprusting til fritidsbruk, dvs. at ved frådelling vil bruken bli uendra.

Framlegget til Vaa fall med 4 mot 3 røyster.

Framlegget frå rådmannen blei vedteke.

<p>I medhald av plan- og bygningslovas § 19-2 og jordlova § 12 vert det ikkje gjeve dispensasjon til frådelling og bruksendring av stølsbygg ved Haddlandshylen på eigedom gnr.136/1</p>
